## Hardanger / Voss kompetanseregion
### Vurderingsgruppa

# Glansbilde



*Tema: Barn sin medverknad i barnehagen*

| Kriterium | Teikn på god praksis |
|---|---|
| Barna deltek aktivt i planlegging, gjennomføring og vurdering av barnehagen si verksemd<br><br>"Barna kan delta i planleggingsarbeidet med direkte innspel i samtalar om kva dei liker å gjere i barnehagen, og ved at dei uttrykkjer seg på andre måtar."<br>*Rammeplan for barnehage 2006, s.49* | ❖ Barna har muligheit til jamleg og aktiv deltaking i planlegging og vurdering av barnehagen si verksemd<br>❖ Barna får gjennomføra val av aktivitetar, rom og vener<br>❖ Barna erfarer tydlege og ansvarsfulle vaksne<br>❖ Barna vert oppfordra til å sei meininga si om kvardagen i barnehagen og dette viser at i planar og aktivitetar.<br>❖ Barna sine kroppslege og verbale uttrykk vert anerkjent og tatt på alvor |
| Personalet viser respekt for barna sine ulike perspektiv, intensjonar, meiningar og opplevingar<br><br>"Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet."<br>Barnehagelova § 3 Barnas rett til medverknad | ❖ Personalet er medvitne og har kompetanse om barn sin uttrykksmåte i daglegdags praksis<br>❖ Personalet set av tid til barna si deltaking med planlegging og vurdering og har rutinar for regelmessig arbeid med dette<br>❖ Personalet har felles haldningar om barns medverknad, drøftar barns medverknad og autoriteten til dei vaksne.<br>❖ Personalet er fleksible og imøtekomande ovanfor einskildbarn og deira behov |
| Føresette<br>Barnehagen gir barna høve til utvikling, læring og aktivitetar i nær forståing og samarbeid med barna sin heim<br><br>*Barnehagelova § 1 Formål*<br>*Barnehagelova § 2 Barnehagens innhald*<br>*Barnehagelova § 4 Foreldreråd og samarbeidsutval* | ❖ Foreldra får god og tilstrekkeleg informasjon om barnehagen sitt innhald<br>❖ Årsplanen er eit arbeidsverkty for personalet og gir føresette moglegheit til å påverka innhaldet<br>❖ Føresette vert involvert i utforminga av barnehagen sitt innhald og vurdering av utført arbeid<br>❖ Føresette vert møtt med respekt og forståing, og innspel vert tatt på alvor<br>❖ Barnehagemiljøet er prega av toleranse og interesse for kvarandre uavhengig av kulturell, religiøs og språkleg bakgrunn |
| Barnehagen er ein lærande organisasjon<br><br>*Rammeplan for barnehage 2006, s.47og 49*<br><br>*"Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlaget for barnehagen som lærande organisasjon." (Rammeplan for barnehage 2006, s.50)* | ❖ Personalet har god kjennskap til rammeplanen og barnehagen sine planar<br>❖ Det er sett av tid til refleksjon og drøfting av medråderett<br>❖ Leiinga gir fagleg støtte og rettleiing til personalet<br>❖ Barnehagen vurderer jamleg eigen praksis og oppnådde resultat<br>❖ Barnehagen har ein langsiktig kompetansehevingsplan |